

## Stemmeforklaring til sak 18/20

### Møte i LUHF (Lektorutdanningsutvalet for HF), 15. september 2020

Eg røysta imot framlegg til vedtak om å opne for fagkombinasjonen historie og sosiologi i lektorutdanningsprogrammet.

La meg først få presisere at røystinga mi ikkje handlar om dei konkrete faga isolert sett. Det er gledeleg at sosiologi er inne som fag i lektorprogrammet, på same måte som det er gledeleg at historie og religion er inne som fag 1 i lektorprogrammet. Eg har sjølv gjennom tidlegare verv arbeidd for å få desse faga sterkare inn i lektorprogrammet vårt. Det som denne saka handlar om, er fagkombinasjonar.

UiB har hatt ulik politikk for fagkombinasjonar, frå å vere ganske open (t.d. med nordisk og mat.nat-fag) til å vere ganske streng. Restriksjonane har for det meste vore baserte på logistiske vurderingar. Ved våre søsteruniversitet (dvs. Universitetet i Oslo, NTNU og Universitetet i Tromsø) har dei klare retningslinjer for fagkombinasjonar. Her er kombinasjonen historie og samfunnsfag ikkje mogleg å ha i lektorutdanninga. Det er fleire grunnar til det, her skal hovudgrunnane nemnast:

- Behov i skulen: Det er ganske god dekning av historie- og samfunnsfagslærarar i skulen, og mange andre institusjonar tilbyr slik utdanning. Vi utdannar òg mange med kombinasjonen historie og samfunnsfag i PPU.
- Jobb i skulen: Dei som tek kombinasjonen historie og samfunnsfag får problem med å skaffe seg relevant lektorjobb i skulen dersom dei ikkje har eit anna større skulefag i tillegg. UiB har eit ansvar for å ikkje leggje til rette for utdanning til arbeidsløyse.
- Same fag: Historie og samfunnsfag er ikkje er ikkje sjølvstendige fag i ungdomsskulen. Det vil seie at studentane med sosiologi og historie må ha praksis i det same faget i ungdomsskulen, med dei utfordringane det gir.
- Prioritering av fag: Dei fagkombinasjonane ein opnar for, handlar òg om kva fag ein vil prioritere i lektorprogrammet.

Det er heilt klart at historie og samfunnsfag støttar opp om kvarandre som disiplin-fag. Samtidig må lektorprogrammet gjere nokre særlege vurderingar og prioriteringar. Det er framleis mogleg å ha fagkombinasjonen historie og samfunnsfag gjennom PPU, og nettopp grenseavklaringa mellom PPU og lektorprogrammet er verdt å understreke.

Spørsmålet om fagkombinasjonar har naturlegvis fleire prinsipielle sider ved: innhaldet i lektorutdanninga, kva behov utdanninga skal svare på, kva ansvar vi har overfor studentane i ettertid, kva slags fagleg profil utdanninga vår skal ha, på kva måtar UiB skal styre eller rettleie studentane sine val etc. Sjølv om behovet for gjennomstrøyming av studentar er heilt vesentleg, skal vi òg tenkje på samfunnsoppdraget og kva slags fagleg profil og faglege prioriteringar som skal kjenneteikne utdanninga vår.

Bergen, 15. september 2020

  
Endre Brunstad